

---

**Fra:** Arvid Vatnøy <arvidv@hotmail.no>  
**Sendt:** 15. februar 2015 13:25  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Merknad til plan-id 1263-200203 Knarvik Terrasse  
  
**Kategorier:** ARKIVERT I FOKUS

Eg viser til høyring ifm. framlegg til mindre endring i reguleringsplan for Knarvik Terrasse.

Kommunen har lagt inn krav om fortau frå B1 til tomtens grense i nord. Vegen her er ein uoversiktleg sving i bratt bakke. Fortau for mjuke trafikkantar er positivt, men det er også to andre problem som bør løsast med auka trafikkmengd langs denne vegstubben:

1. Vegen er for smal når bil og varebil møtest, særleg vintersdagen med brøytekantar som smalnar vegen ytterlegare. Det bør difor stillast krav til auka vegbreidd med t.d. 1 meter i tillegg til fortau før utbygging kan starte.
2. Vegen forbi planområdet manglar også dreneringsløysing. På regnfulle dagar flommar vatnet nedover heile vegbana si breidd og dannar breie "elver" nederst. Vatnet renn så inn på grusparkeringsplassen inne på det aktuelle planområdet. Desse forholda skapar problemer for fotgjengrar t.d. sprut frå forbipasserande biler og vanskar med å krysse "elvane" utan å bli kliss blaut. Dessutan gjev det isete forhold når det frys på. Monter har leia vatnet forbi si avkjøring midt i bakken med ein langsgåande asfalkant. Det bør difor stillast krav til dreneringsløysingar her for å hindre at alt dette vatnet renn ned heile bakken.

Det står ingenting i planen om kor mange eller kor breide bygg det kan bli på reguleringsområdet. Eg vil oppmode til at det ikkje blir tilllete bygd så mykje at det blir dominerande i høve til andre bygningar i området.

Eg set pris på hvis dykk kan sende meg ei kvittering på at denne eposten er motteken.

Arvid Vatnøy  
Styrmedlem  
Sameiet Knarvik Terrasse  
Kvassnesvegen 55  
5914 Isdalstø